



Bømlo  
kommune

# Kva skjer

## Her er nokre av aktivitetane i nærområdet ditt **26. mai til 1. juni**

### **Måndag 26. Kl. 11.30 - Dagkino - Bømlo kulturhus**



Dagkino er eit tilbod til dei godt vaksne. Gode kvalitetsfilmar i kulturhuset midt på føremiddagen, der alle er velkomne. Det er faste prisar, nedsett lyd og ein kopp kaffi med noko attåt inkludert i prisen. Denne måndagen er det førpremiere på filmen "Heim". Bill.pris kr 150.

### **Tysdag 27. Kl. 11.00 - Senioruniversitetet - Bømlo kulturhus**



Denne tysdagen kjem professor Ingunn Lunde til senioruniversitetet, og skal snakke om "Ukraina - historia og kulturen". Bill.pris på kr 175 inkluderar lappar og kaffi i pausen.

### **Onsdag 28. Kl. 12.15 - Seniorsymjing - Bømlo symjehall**



Tilbod til vaksne i Bømlo symjehall. Her kan du symje i begge bassenga, alt etter eige ynskje. Tilbod om aqua gym kl 12.30, for dei som vil vera med på det. Bill. kr 75

### **Fredag 30. Kl. 19.00 - Sjøkart nr 19 - Vinsen 59**



Velkomen til god musikk og høve til å kjøpe mat og drikke på Vinsen. Sjøkart nr 19 får publikum med på ei musikalsk reise med kjente og kjære singlar i ekte kystkultur ånd. Billettar kan kjøpast på billetto.no. Pris kr 250.

**Ynskjer du informasjon om fleire aktivitetar?**

Gå til nettsidene [bomlo.kommune.no](http://bomlo.kommune.no)

Leveres i  
samarbeid med



# Nytt og nyttig

## Varslingsprøve 11. juni

**Onsdag 11. juni klokka 12 blir Naudvarsel på mobil og varslingsanlegga til Sivilforsvarets testa over heile landet.**

**Dette er berre ein test. Du treng ikkje å gjere noko.**



*Foto: Johnér*

### **Om testen**

Det er politiet som sender ut test av Naudvarsel på mobil. Sivilforsvaret tester samstundes tyfonane med signalet "Viktig melding – søk informasjon". Varslingsprøva den 11. juni blir gjennomført over heile landet, rundt kl. 12. Testen blir gjort for avdekkje tekniske feil og for å gjere folk kjende med lyden og signalet.

### **Kven får testen?**

Testen går ut over mobilnettet i heile landet. Alle nyare og oppdaterte mobiltelefonar og einingar som er i Noreg og koplta til 4G/5G kan ta imot testen.

Viss du ikkje ønskjer å få testen, må du setje telefonen i flymodus eller slå han heilt avi god tid før og etter klokken 12 den 11. juni. Lydlaus, låg lyd, dempa varsling og liknande blir overstyrt.

Les meir på [www.naudvarsel.no](http://www.naudvarsel.no)

**Kontaktinformasjon DSB**

**Telefon:** 33 41 25 00

**Epost:** [postmottak@dsb.no](mailto:postmottak@dsb.no)



**DSB**